



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf  
Endre Frimanslund – 57 65 51 05  
E-post  
efr@fmsf.no

Vår dato  
23.09.2008  
Dykkar dato  
26.06.2008

Vår referanse  
2008/3069 - 130  
Dykkar referanse  
2007/1623-KDB

Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

FORYNINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET	
30. SEPT. 2008	
ARKIVKODE:	
SAKSNR: 200701623-57	

## Høring - innføring av elektronisk faktura i staten

Eit krav om bruk av elektronisk faktura er truleg det tiltaket som gir den største innsparinga av ressursar ved overgang til e-handel i staten, og vi er særers positive til at arbeidet er kome i gang. Vi støttar også framlegget om ein felles offentleg e-fakturastandard som er obligatorisk for alle som er i kontakt med det offentlege, også kommunane. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil likevel kome med nokre kommentarar til høyringskrivet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennom BEST prosjektet allereie tatt i bruk elektronisk faktura i samarbeid med SSØ, og har hausta ein del praktisk erfaring gjennom prosjektperioden.

### 1. Tidsramme for innfasing

SSØ har allereie eit grensnitt for å ta i mot elektronisk faktura. SSØ har i dag støtte for mottak av e-faktura på e2b formatet, men Fylkesmannen meiner det er viktigare å ta i bruk e-faktura enn at denne naudsynsvis er på korrekt format. Når informasjonen allereie er strukturert på XML format, så er det ei relativ enkelt oppgave å transformere frå eitt format til eit anna. Vi meiner difor dei tekniske løyingane er klare til å takast i bruk allereie i dag. Etter vår meining bør alt liggje til rette for ei kortare tidsramme for innfasinga. Særleg bør tidsplanen for obligatorisk bruk av e-faktura kuttast inn, og at e-faktura blir obligatorisk også for ikkje-statlege leverandørar:

- Per dags dato - staten er i stand til å motta e-faktura på fastsett standardformat.
- Innan 1. januar 2010 skal alle løysingar for skanning av papirfaktura vere fasa ut i staten.
- Innan 1. januar 2010 skal alle bedrifter sende e-faktura til staten på fastsett standardformat ut frå at ei særlov blir gjeldande frå denne dato.

### 2. E-faktura også ved tilskotsbehandling

Fylkesmennene utfører eit betydeleg arbeid med utbetaling av tilskot og andre typar utbetalingskrav som ikkje per definisjon er ein faktura. Ut frå dei røynslene vi har frå utvikling og innføring av systemet for *Fri rettshjelp* der både søknadsprosedyren og utbetalinga er samanhengande elektroniske prosessar, bør det vere eit mål at alle system for tilskotsutbetaling skal vere elektroniske frå søknad blir sendt til tilskota blir utbetalt, utan å gå vegen om papir. E-faktura kan såleis sjåast som eit format/grensesnitt mellom sak/arkivsystem og økonomisystem, og standardisering vil gjera det mogleg å integrere desse på ein enkel og effektiv måte. Utanom direkte gevinstar ved å gå over til fullelektronisk sakshandsaming, så får ein ytterlegare gevinstar ved at ein standardiserar måten eit krav mot staten blir innfridd på, uavhengig av om dette er eit tilskot eller ein faktura. Dette gjer det enklare å ivareta t.d. BDM. For fylkesmannsembeta vil dette etter våre røynsler gi vesentlege effektiviseringsgevinstar, og systema bør fornyast parallelt med utviklinga og innføringa av e-faktura.

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Ein bør vera merksam på at interne fagsystem som sender slik krav/tilskot som regel har nyttig meirinformasjon (som t.d. konteringsinformasjon). Det er difor viktig at ein i fakturaformatet er i stand til å frakte denne type meirinformasjon vidare til økonomisystemet.

**3. Pilot i utvikling av e-faktura i staten, inkl. utvikling av elektroniske system for tilskotsbehandling**

I arbeidet med utvikling/utprøving av e-faktura og nye system for tilskotsbehandling vil det vere aktuelt å bruke lokal kompetanse. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har eit utviklingsmiljø som har svært god kompetanse på m.a. e-faktura og ulike opplegg for tilskotsbehandling. Vi stiller oss difor positive til å få ansvaret for eller delta i aktuelle utviklingsprosjekt.

Med helsing



Endre Frimanslund  
fung. administrasjonssjef

Kopi (e-post): AKH, EN, GSV, OS, RKJ